



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

HAUSO SKULE



Vurderingstema:

Tilpassa opplæring for alle; korleis jobbar ein målretta og systematisk med dette på Hauso skule?



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses frå 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. Dei gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderarane førebur sjølvne vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølvne vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderarane skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Skule: Hauso Årstrinn: 1. – 10.	Adresse: 5777 Grimo Tlf: 53 66 62 13 Heimeside: www.hausoskule.net Mail: rektor.hauso@kinsarvik.net
Einingsleiar: Rannveig Linnebo Alvsåker Inspektør: Torill Skedsmo Widding	Tal tilsette: 27 Lærarar: 19 Assistentar: 4 Andre: 4
Tal elevar i alt: 85 Barnesteg: 31 Ungdomssteg: 54	Tal grupper i alt: 6 Barnesteg: 3 Ungdomssteg: 3

Skulen har skulefritidsordning tre dagar i veka.

Organisering av kvardagen er slik:

Skulestart: 8.20

Skuleslutt: 14.15


FAU er samansett av klassekontaktar frå 1.-10. årssteg.

Pedagogisk plattform (grunnsyn)

å utvikla medansvar, trivsel og fellesskap mellom elevar, foreldre og lærarar
å gi tilpassa og effektiv undervisning

3 – Vurderingstema:

Tilpassa opplæring for alle; korleis jobbar ein målretta og systematisk med dette på Hauso skule?





4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane, og godkjende av skulen.

Tilpassa opplæring for alle; korleis jobbar ein målretta og systematisk med dette på Hauso skule?



Kriterium	Teikn på god kvalitet
Skulen har rutinar/system for tilpassa undervisning	<ul style="list-style-type: none">- skulen har definert kva som ligg i omgrepet tilpassa opplæring.- leinga legg til rette for samarbeid i den arbeidsplanfesta tida.- det er lagt til rette for kunnskapsdeling/ metodedrøfting- den tilpassa opplæringa føregår i hovudsak i klassefellesskapet- personalet er opne for endringar som nye planar og føreskrifter krev.- skulen vurderer jamleg verksemda si- skulen har system for kartlegging og oppfølging av denne.- skulen har system for arkivering av testresultat og vurderingsdokument.- skulen arbeider systematisk med undervegsvurdering og eigenvurdering
Personalet har kompetanse og felles elevsyn som grunnlag for arbeidet med tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none">- lærarane reflekterer og drøftar elevsyn- lærarane har kompetanse i dei faga dei underviser i- lærarane har felles forståing av omgrepa læring, kunnskap og undervegsvurdering- personalet drøftar korleis ein kan gje kvar einskild elev moglegheiter til å nytta og utvikla sine evner- lærarane har godt innarbeidd system for undervegssamtalar og planlagde elevsamtalar



	<ul style="list-style-type: none">- lærarane nyttar varierte arbeidsmåtar for å tilpassa undervisninga.- lærarane tek i bruk digitale verktøy jamleg i den tilpassa opplæringa
Elevane er aktive i læringsprosessen	<ul style="list-style-type: none">- eleven er aktiv og tek medansvar i læringsprosessen- eigenvurdering er ein integrert del av lærings- og undervisningsprosessen- læringsmåla er kjende for eleven, lærarane og dei føresette- eleven får undervegsvurdering, med både tilbakemelding og framovermelding i høve til kompetansemåla- elevane kan formulere eigne mål, og vurdere eiga måloppnåing- elevsamtalen blir aktivt brukt for å gje kvar elev tilpassa opplæring- elevane arbeider med varierte arbeidsmåtar og individuelt tilpassa oppgåver
Skulen og heimen samarbeider om elevane si tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none">- dei føresette er kjende med kva skulen legg i tilpassa opplæring- dei føresette veit korleis skulen praktiserer tilpassa opplæring- dei føresette kjenner læringsmåla og blir gjort kjent med grad av måloppnåing- dei føresette og eleven møter førebudde til konferansetimen.

5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Lærarar, assistentar, rektor og elevar ved skulen. I tillegg vert alle foreldra innkalla til foreldremøte.
- Eksterne: Anne Karin Flatlandsmo og Laila Sægrov

Grunngeving for val av informantar:

I vurderingsarbeidet er det svært viktig å involvera dei partane det gjeld.

I ei vurdering av skulen sitt pedagogiske arbeid, er det naturleg å involvera alle dei tilsette og elevane.

Det var skulen i samråd med vurderarane som gjorde dei aktuelle vala om kven som skulle vera involverte i vurderinga.

Elevane vart tilfeldig utvalde på nummer ut frå alfabetisk klasseliste.

Alle føresette blei inviterte til foreldremøtet. 20 føresette møtte.



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sende vurderarane diverse relevante dokument: arbeidsplanar og verksemdplanen

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i K-06, Opplæringslova med forskrift, vurderingsføreskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse utan endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og tilsette. Tema i desse samtalane er henta frå Glansbiletet, teikn på god praksis.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med alle føresette som ønskte å vera tilstades.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i alle klassar.



8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Skulen har rutinar/system for tilpassa opplæring

- *det er lagt til rette for kunnskapsdeling/ metodedrøfting*
- *leinga legg til rette for samarbeid i den arbeidsplanfesta tida.*

Det er no lagt til rette for teammøte på ungdomssteget med eigen teamleiar. Dette er eit viktig forum for kunnskapsdeling og metodedrøfting. For å kunna få til fruktbart samarbeid og gje kvarandre "drahjelp" er det naudsynt med tid til møte. Teamleiar sørgjer for at møta blir gjennomførde. Teamleiar har møte med rektor kvar månad, og er bindeledd mellom rektor og teamet.

Nettverksmøte mellom lærarar frå fleire skular er og eit positivt tiltak for kunnskapsdeling og metodedrøfting. Slik kan lærarane drøfta ulike tema og korleis gje kvarandre idear og hjelp til betra praksis.

- *den tilpassa opplæringa føregår i hovudsak i klassefelleskapet*

Det vert jobba med mål og med ulike nivå i nokre fag og enkelte elevar har eigne arbeidsplanar. På barnesteget har alle elevane tilpassa lekseplanar. Elevane blir utfordra til å bruka ulike læringsstrategiar, og det vert gjeve ekstra oppgåver til dei som vil strekkje seg litt lenger. I nokon fag, både på ungdomstrinnet og på mellomtrinnet, såg me at det blei arbeidd på ulike nivå i eitt og same fellesskap. Stasjonsundervisning blir gjennomført på heile barnesteget, i denne metoden legg ein svært godt til rette for læring i klassefelleskapet.

I periodar kan elevar på tvers av klassane vere ute i ei eiga gruppe for ekstra trening av ulike ferdigheiter og oppgåver. Elevsamtalane vert nytta til å avdekka behov hos den einskilde elev.

Alle desse metodane er i bruk for å ivareta tilpassa opplæring, og er heilt i trå med det St.meld. 31 seier om temaet: *"Tilpasset opplæring kjennetegnes ved variasjon. Variasjonen gjelder for eksempel arbeidsoppgaver, lærestoff, intensitet i opplæringen, organiseringen av opplæringen, læremidler og arbeidsmåter". "Ulike arbeidsplaner, for eksempel årsplaner for det enkelte årstrinn, lærerens arbeidsplan og elevens arbeidsplan, kan brukes som verktøy for å differensiere opplæringen".*

- *skulen har system for arkivering av testresultat og vurderingsdokument.*

Skulen har ein perm for kvar klasse der resultatet av alle testar vert sette inn. Skulen har og eit system dei kallar "månadsskjema". Dette er eit skjema med fagleg og sosial vurdering som vert sendt heim kvar månad til gjennomsyn, og der skulen krev underskrift med kommentar frå føresette. Skjemaa vert leverte inn til rektor i



juni kvart år. Slik vert dokumentasjon teken vare på. Han kan nyttast etter behov, til dømes når klassen skiftar lærar, eller om nokon flyttar.

Personalet har kompetanse og felles elevsyn som grunnlag for arbeidet med tilpassa opplæring

- *personalet har kompetanse i dei faga dei underviser i*

På dette området er leiinga ved Hauso skule flinke. Dei fleste i personalgruppa syns dei får undervise i fag dei har kompetanse på. "Når ein slår saman formell og reell kompetanse gå det bra," vert det sagt. Men no er det ofte slik på mindre skular at dette med å ha eit personale som er 100% fagkompetent sjeldan lar seg gjennomføre. Det er likevel viktig i høve til arbeidsmiljøet at alle har sjanse til å lukkast i det arbeidet dei er sette til å gjere.

- *personalet drøftar korleis ein kan gje kvar einskild elev moglegheiter til å nytta og utvikla sine evner*

Personalet arbeider med tilpassa undervisning heile tida og prøver å sjå kvar enkelt elev så godt dei kan. Dei brukar lesekort som er individuelt tilpassa kvar elev. Elevane får vekeoppdrag, der eleven får vise korleis han forstår og tenkjer for dei andre, om eit eller anna tema knytt til faget. Dette er svært positivt og viser at den einskilde elev vert teken på alvor ut frå sin ståstad.

- *lærarane har godt innarbeidd system for undervegssamtalar og planlagde elevsamtalar*

Lærarane har hyppigare elevsamtalar no enn før. Det dei tek opp er avhengig av det eleven har behov for. Uformelle samtalar skjer ofte. Det er fokus på dette på skulen, og samtalanene vert brukte som ledd i den tilpassa opplæringa. Læringsmåla og framovermeldingar er innhald i desse samtalanene. Gjennom slike samtalar vert elevane meir bevisste på eiga læring og eigne tankar om vidare arbeid.

st.meld. 31 seier blant anna om vurdering: " Vurdering er et satsingsområde i norsk grunnopplæring. Forskning og utviklingsarbeid på vurderingsfeltet nasjonalt og internasjonalt peker på at vurdering er et viktig virkemiddel for å fremme elevenes læring. Grunnlaget for vurdering i fag er kompetansemålene i læreplanene for fag slik de er fastsatt i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. All undervisningsvurdering skal gi grunnlag for å tilpasse opplæringen slik at elevene på best mulig måte kan utvikle kompetansen sin videre".



- *lærarane nyttar varierte arbeidsmåtar for å tilpassa undervisninga.*

Dagane på Hauso skule var fulle av gode opplevingar, og i forhold til variert undervisning. Vi observerte i alle klasserom, fekk innblikk i dei fleste fag og fekk oppleve ulike pedagogar i aksjon. Elevane var rolege og arbeidde motivert med læring heile tida. Ei årsak kan vere at det var stor variasjon i arbeidsmetodar. Me opplevde stasjonsundervisning på barnetrinnet, ein arbeidsmetode som er kjenneteikna av at elevane får lære ulike vegar å gå for å nå dei oppsette måla. Elevane jobba på data, med skriftleg arbeid i arbeidsbøker, dei gjorde praktiske øvingar eller brukte ulike typar spel. Mykje av dette er konkretiseringmateriale som er heilt nødvendige hjelpemiddel i læringa for mange elevar.

Elevane fortalte sjølv at dei både driv med uteskule, dramatiserer og driv med rollespel. På ungdomstrinnet går det mykje på tavleundervisning, det har vi både sett og høyrte. Men når undervisninga frå tavla blir drive av pedagogar som både er godt førebudde og har god kontakt med gruppa dei står overfor, då skjer det læring i klasserommet. Ein lærar som medvite brukar dialogen og dei gode lærespørsmåla får eleven til å bli klar over sin eigen kunnskap. Det er viktig å vite kva ein er god på, men og kva ein ynskjer å betre seg i. "Vi spør elevane kva dei lærer best av. Prøver å gjere elevane bevisste på korleis dei lærer best," uttalar lærarane. Dessutan høyrer vi at "vi har fokus på munnleg framføring her på skulen." Dette kunne vi og observere då vi gjekk rundt i klasseromma.

- *lærarane tek i bruk digitale verktøy jamleg i den tilpassa opplæringa*

På barnetrinnet er arbeid på data ein fast del av stasjonsundervisninga. Dette er heilt i tråd med Kunnskapsløftet som poengterer at ein av dei grunnleggjande ferdigheitene eleven skal ha kompetanse på, er den digitale dugleiken. I alle klasserom på skulen er det Pc-er elevane kan bruke i undervisninga. I tillegg har skulen eit mediatek der det er maskinar elevane kan bruke.

Når det gjeld projektorar, er det berre ein som er sett opp permanent i eit rom, to andre er berbare. Dei tilsette syns det er tungvint å bruke maskinane ofte i undervisninga slik situasjonen er, men skulen har ein digital plan og Ullensvang herad jobbar i desse dagar med å utarbeide ein plan for alle skulane i heradet. Vi observerte mykje godt arbeid ved datamaskina, spesielt i dei lågaste klassane.



Elevane er aktive i læringsprosessen



- *læringsmåla er kjende for eleven, lærarane og dei føresette*

Elevane får sosiale mål og mål i faga på lekseplanen. Dei gjer lekser etter måla, og dei kunne fortelja oss ein del om måla for denne veka.

Dei gjer avtalar i elevsamtalen om nye mål. Dette er viktig i forhold til å kunne gje tilpassa opplæring til den enkelte eleven. Det blir teke testar og kapittelprøvar for å sjekka om læringsmåla er nådde.

Nokre elevar hadde fått i oppgåver å laga prøve ut frå læringsmåla for klassen. Dette viser at elevane er godt kjende med måla sine, og at det vert jobba ein del med dei. Slik blir elevane involverte i og bevisste om si eiga læring.

Dei føresette fortalte og at dei er kjende med læringsmåla ungane har på vekeplanane sine.

- *elevane arbeider med varierte arbeidsmåtar og individuelt tilpassa oppgåver*

På heile barnesteget vert det arbeid mykje på stasjonar, der oppgåvene og arbeidsmåtene varierer frå stasjon til stasjon. Mange av arbeidsmåtene er av praktisk karakter, og ivaretek såleis mogelegheita til fagleg utvikling hos dei som arbeider lettast og best på den måten. Med denne arbeidsmetoden får lærar godt høve til å rettleia og vurdera kvar einskild elev.

Skodespel, dramatisere ulike løysingar, rollespel vert nytta ein del i nokre fag, og slik får elevane høve til å leva seg inn i fagstoff ved å bruke seg sjølv og vise seg fram for dei andre. Dette er positivt og utviklande.

Klassesamtale og tavleundervising og leik vert brukt for å ivareta fellesskapet.



Skulen nyttar seg og av mogelegheitene til å driva uteskule og ulike uteaktivitetar, noko som og er viktig for å knyta venskap og fellesskap.

Dei har like oppgåver på lekseplanen, men dei har noko dei kallar "kjerne" som skal gjerast på vekeplanen, og noko dei kallar "total" som dei kan gjera om dei vil nå høgre nivå. Dei har såleis val for å tilpassa arbeidsmengd og vanskegrad ut frå sin ståstad. Dei veit korleis dei blir vurderte ut frå dei vala dei gjer.

I realfaga kan elevane velje mellom tre ulike nivå på oppgåver og læringsmål, og av og til får dei ulike oppgåver i nokre fag. Elevane får ulike bøker med ulik vanskegrad i engelsk og matematikk.

På stasjonar jobbar elevane med ulike oppgåver, og får individuell oppfølging.

Skulen og heimen samarbeider om elevane si tilpassa opplæring

- *dei føresette er kjende med kva skulen legg i "tilpassa opplæring"*
- *dei føresette veit korleis skulen praktiserer tilpassa opplæring*

På møtet med dei føresette kom det fram at dei var tydelege på kva dei legg i omgrepet "tilpassa opplæring". *"At kvar elev får hjelp til å utvikle seg ut frå evner, anlegg og behov".*

På barnetrinnet har elevane tilpassa undervisning gjennom stasjonsundervisning. Heimane får med i sekkane til elevane lesekort der leksa i norsk og engelsk blir tilpassa den einskilde eleven. Foreldra skal signere på dette lesekortet når arbeidet er gjort. Denne ordninga er dei nøgde med.

- *dei føresette kjenner læringsmåla og blir gjort kjent med grad av måloppnåing*

Gjennom samtalen på foreldremøtet kom det fram at foreldra har jamt god kontakt med ungane sine, dei både blar i lærebøker og snakkar med ungane om det dei lærer på skulen.

"Vi får utdelt månadsskjema," fortel dei føresette. Det er eit skjema alle kontaktlærarane sender ut til heimane med informasjon om kvar eleven står, både fagleg og sosialt. Eleven får både ros og ris, tilbakemelding på arbeid som er gjort i perioden og noko melding om kva eleven kan gjere for å auke sin kompetanse i faget. Dette siste punktet seier lærarane sjølv at dei nok kan fokusere sterkare på. Når månadsskjemaet kjem heim, skal dei føresette underskrive og helst kome med ein kommentar til læraren. Kommentrar kjem sjeldan, fortel lærarane. Dei hadde gjerne sett at foreldra hadde sendt ei melding på e-post, dersom dei synest det er ein lettare måte å kommunisere på. Samtalane vi har gjort med alle partar i systemet fortel oss at alle er nøgde med dette månadsskjemaet.

Etter den nye vurderingsføreskrifta som vart sett ut i livet 1. august dette året er det særskilt viktig at undervegsvurderinga som blir gitt til elevane, kan



dokumenterast. Sett inn i denne sammenhengen er månadsrapporten eit viktig slikt dokument. Men ein må kanskje sjå på om dette skjemaet på nokon punkt kan betrast, om det er ein tydeleg raud tråd frå 1.- 10. trinn i systemet.

- *dei føresette og eleven møter førebudde til konferansetimen*

På barnesteget får elevane utlevert eit ark som dei tar med heim slik at dei i lag med dei føresette kan bu seg til konferansetimen med kontaktlæraren. Dette er heilt i tråd med den nye vurderingføreskrifta § 3-9 Kontakt med heimen:
" Foreldra har minst to gonger i året rett til ein planlagt og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg, og eleven sin kompetanse i faga."

9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Skulen har rutinar/system for tilpassa undervisning

- *skulen har definert kva som ligg i omgrepet tilpassa opplæring.*

Lærarane meiner at dei ikkje har noko system for dette. Her er det då rom for utvikling.

St.meld. 31 seier dette: *" I prinsippene for opplæringen kan tilpasset opplæring knyttes til tre temaer: inkludering, mestring og elevmedvirkning"*

Det er difor viktig å drøfte dette for å få ei felles forståing av kva som ligg i omgrepet, og såleis sikra at ein får til ein praksis som kjem kvar einiskild elev til gode.

- *skulen har system for kartlegging og oppfølging av denne*

Det er ingen kontroll på oppfølginga av kartleggingstestane. Dette er det viktig å få gjort noko med. Oppfølging av ein test er avgjerande for at den skal ha noko å seie for vidare arbeid og læring.

Det vart og peika på at skulen ikkje har noko godt system for ta mot og inkludera nye lærarar. Ingen har ansvar for å leggje til rette for nye tilsette. Det kan det vere nyttig at nokon har. Det vil ha mykje å seia for arbeidet til dei nyttilsette og for samarbeidet både med lærarar og elevar.



- skulen arbeider systematisk med undervegsvurdering og eigenvurdering

Månadsskjemaet inneheld stort sett bakovermelding, litt for lite framovermeldingar, vart det sagt. Det vart og sagt at ein langt frå er god nok på elevsamtalen. Eigenvurdering vert ikkje brukt systematisk. Det kunne både elevar og personale fortelje. Det er opp til faglærarar korleis ein vil drive undervegsvurdering på skulen, opplevde dei tilsette.

Desse utsegnene tyder på mangel på heilheitleg system på dette punktet, og det gjev grunnlag for utviklingsarbeid. Sidan somme har eit visst system for dette, bør ein samarbeida på tvers av klassar, steg og fag for betre system.

St.meld. 31 seier om elevmedverknad: " *Elevane skal kunne delta i planleggingen, gjennomføringen og vurderingen av opplæringen innanfor rammen av lov og forskrift. Hvor omfattende medvirkningen vil være, og hvordan den utøves, vil variere blant annet i forhold til alder og utviklingsnivå.*"

Personalet har kompetanse og felles elevsyn som grunnlag for arbeidet med tilpassa opplæring

- *personalet reflekterer og drøftar elevsyn*

Elevsyn er eit omgrep som ikkje alle umiddelbart forstår. Det heng tett saman med menneskesyn; altså kva verdiar det er vi har i botnen når vi møter elevar i ulike situasjonar. I eit kollegium er det viktig at alle dei tilsette med jamne mellomrom får drøfte skulekvardagen med verdibrillene på. Dette for å få til ein meir lik måte å reagere på når vanskelege situasjonar oppstår i høve til elevar. Personalgruppa seier at slike drøftingar ikkje skjer planmessig, men at dei blir oppmuntra av leiinga til å ta desse samtalanene på teammøta. " *Eg trur me er veldig ulike i forhold til korleis vi er i lag med elevane i klasserommet. Det seier elevane og.*" Dette utsegnet kjem frå personalgruppa.

Assistentane i skulemiljøet er ei gruppe som ofte står litt aleine, dei blir ikkje tatt med i dei viktige grunnlagssamtalanene i personalgruppa. På dette området har det skjedd ei svak endring. No får dei vere med på planlaggingsdagar og er meir sidestilte i personalet. Det er ei viktig gruppe vaksne som står på og ofte er det dei skulen må lite på når lærarane ikkje er til stades.

- *personalet har kompetanse i dei faga dei underviser i*

Dette med å tilpasse undervisninga einskildelevar sitt behov kan vere ei stor utfordring og krev at alle rundt einskildeleven samarbeider og deler opplegg og idear med kvarandre. Det er ofte assistentane i skulemiljøet som har oppgåver i høve desse elevane. Dei er heilt avhengige av at det pedagogiske personalet samarbeider tett med dei slik at opplegga lærarane lagar blir forstått og kan gjennomførast av



assistentane. *"Faglærer lagar opplegg til kvar time, også når eg har eleven åleine. Desse opplegga kunne av og til vore betre."* Dette er utsegn assistentane har kome med.

- *lærarane har felles forståing av omgrepa læring, kunnskap og undervegsvurdering*

Lærarane er tydelege på at det ikkje er gitt noko tydeleg signal i forhold til korleis ein skal drive undervegsvurdering på Hauso skule etter dei nye vurderingsføreskriftene. "Det er opp til oss faglærarar korleis vi vil drive undervegsvurdering," seier dei. Dette tyder på at omgrepa enno ikkje er tilstrekkeleg drøfta i personalgruppa, noko tydeleg system er ikkje på plass enno. Dermed blir det eit område skulen må ta tak i og jobbe målretta med framover.

- *personalet er opne for endringar som nye planar og føreskrifter krev*

På dette området er dei som jobbar på barnesteget komne lengre enn dei som jobbar på ungdomssteget. Dette kan ein gjerne utvikla ved å få til eit betre samarbeid på tvers av stega, for slik å dra nytte av den praksisen som verkar bra på barnesteget, i heile skulen. Det er eit krav at alle som arbeider i skulen skal følgja føreskriftene

Elevane er aktive i læringsprosessen

- *eleven er aktiv og tek medansvar i læringsprosessen*

Elevane meiner at dei ikkje bestemmer så mykje av det dei skal læra, men dei får av og til bestemma korleis dei skal gjera oppgåvene. Dei ønskjer at lærarane skal samordna dette med prøver betre, så det ikkje blir så mange prøver innan kort tid.

St.meld. 31 seier meir om dette:

"Arbeidet med fagene vil på ulike måter bidra til at elevene blir kjent med egne evner, talenter og læreforutsetninger. Tilpasset opplæring realiseres ved at læringsmiljøet øker elevenes muligheter for medvirkning og evner til å ta bevisste valg".



Skulen og heimen samarbeider om elevane si tilpassa opplæring

- *dei føresette er kjende med kva skulen legg i "tilpassa opplæring"*
- *dei føresette veit korleis skulen praktiserer tilpassa opplæring*

Dei føresette gir slett ikkje noko eintydig svar i forhold til at dei veit korleis den tilpassa opplæringa går føre seg i praksis på skulen. Dei sa det slik: *"Det er to prinsipp; deling på tvers av aldersgruppene eller deling innad i gruppa. Vi er usikre på kva som er skulen sin praksis"*. Dette gjeld i hovudsak ungdomstrinnet.

Dette er ikkje så rart, då dei tilsette sjølv seier at det blir lite tid til drøftingar i personalgruppa kring både sjøve omgrepet og korleis ein skal praktisere tilpassa opplæring på alle nivå. Det vert jobba kontinuerleg med å tilpasse undervisninga til kvar elev sitt behov, men ein veit at dette er vanskeleg. Det krev samarbeid i alle ledd.

Dei føresette etterlyser dermed betre informasjon frå skulen angående differensiering i praksis på ungdomstrinnet.

- *dei føresette kjenner læringsmåla og blir gjort kjent med grad av måloppnåing*

At læringsmåla står på vekeplanen til elevane er dei føresette kjende med. Det blir og på foreldremøte og konferansetimar snakka om elevane sine læringsmål, i kva grad desse blir nådd. Men dei føresette har eit ynskje om at halvårsplanane for faga/ klassane blir delte ut til heimane eller lagt ut på nett slik at dei betre kan fylgje med sjølv. "Skulen kunne brukt It's learning meir," seier dei.

- *dei føresette og eleven møter førebudde til konferansetimen*

"På ungdomstrinnet er det med førebuing overlata til dei einskilde foreldra", kom det fram på møtet vi hadde med dei.

Lærarane sjølv seier det slik: *"Me set opp oppslag i klasserommet med tidspunkt, oppfordrar dei om å kome førebudde til samtalen."* *"Vi hadde ein lengre elevsamtale før konferansen før, dette har vi droppa til fordel for fleire kortare elevsamtalar."*

Dette tyder på at noko har skjedd i det siste som har ført til endringar i rutineane til det pedagogiske personalet. Undervegsvurdering er eit nytt omgrep som er kome inn i skulen, noko som betyr at elevane til ei kvar tid skal vite kor dei står fagleg i høve kompetansemåla i Kunnskapsløftet. Dette krev at faglærarane har oftare elevsamtalar, dei gir oftare munnleg eller skriftleg tilbakemelding på arbeid elevane har gjort. Dette har vi sett i praksis på Hauso skule i fleire fag.

Samtalane lærarane har med elevar og føresette skal vere med å gi eit grunnlag i høve til dette med å tilpasse undervisninga eleven sine behov til ei kvar tid. Difor er det viktig at dei føresette og elevane i lag får tid til å førebu seg til desse



samtalane slik at dei har reell medbestemming i prosessane. Skulen må passe på at dei hyppige elevsamtalane som no er kome inn, ikkje går ut over samarbeidet med heimane.

10 – Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Hauso, 29. Oktober 2009

Anne Karin Flatlandsmo
- vurderar -

Laila Sægrov
- vurderar -



Vedlegg 1

SAMTALEGUIDE ELEVAR

Kva er bra med Hauso skule?

<p>Elevane er aktive i læringsprosessen</p>	<ul style="list-style-type: none">• Korleis arbeider de i timane her på skulen?• Får alle dei same oppgåvene heile tida, eller kan de velja ulike oppgåver med ulik vanskegrad? • Fortel om kva slags arbeidsmåtar de brukar i timane.• Får de vera med å bestemma kva de skal gjera og kva de skal læra?• Kva snakkar de om i elevsamtalen?• Korleis førebur du deg til elevsamtalen?• Lagar de avtale om mål for det vidare arbeidet i ulike fag?• Lærer de å vurdera eige arbeid, gjera eigenvurdering.• Veit de kva læringsmål er, og korleis arbeider de med desse?• Vurderer de sjølve kor godt de har oppnådd læringsmåla? • Korleis gjev lærarane deg tilbakemelding på arbeidet ditt? • Får du vita kva du skal gjera for å bli betre i faga?
--	---



Vedlegg 2

SAMTALEGUIDE FØRESETTE

Skulen og heimen samarbeider om elevane si tilpassa opplæring	Kva legg de i omgrepet "tilpassa opplæring"? <ul style="list-style-type: none">•
	Kva veit de om skulen sin praksis i høve til tilpassa opplæring? <ul style="list-style-type: none">•
	Korleis blir de gjort kjende med kva borna skal læra på skulen? <ul style="list-style-type: none">• Korleis veit de om borna når måla sine? <ul style="list-style-type: none">•
	Korleis førebur de og borna dykk til konferansetimen? <ul style="list-style-type: none">•
Set opp punkt som de meiner Hauso skule er flink til	
Set opp punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til.	
Set opp punkt som de føresette kan bli flinkare til.	



Vedlegg 3

SAMTALEGUIDE PEDAGOGAR

<p>Skulen har rutinar/system for tilpassa opplæring</p>	<p>Korleis sikrar de at alle i personalgruppa har lik forståing av omgrepet "tilpassa opplæring"?</p> <ul style="list-style-type: none">• <p>Korleis legg leiinga til rette for kunnskapsdeling/metodedrøfting i personalet?</p> <ul style="list-style-type: none">• <p>Korleis jobbar de med tilpassa opplæring i klassefellesskapet?</p> <p>I kva grad er de opne for endringar som nye planar og føreskrifter krev?</p> <ul style="list-style-type: none">• <p>Kva system har skulen for kartlegging og oppfølging av denne?</p> <ul style="list-style-type: none">• <p>Har skulen system for arkivering av testresultat og vurderingsdokument?</p> <ul style="list-style-type: none">• <p>Korleis arbeider skulen systematisk med undervegsvurdering?</p> <ul style="list-style-type: none">•
<p>Personalet har kompetanse og felles elevsyn som grunnlag for arbeidet med tilpassa opplæring</p>	<p>I kva grad reflekterer og drøftar de elevsyn?</p> <ul style="list-style-type: none">• <p>Har de kompetanse i dei faga de underviser i?</p> <ul style="list-style-type: none">• <p>Korleis arbeider de for å få ei felles forståing av omgrepa læring, kunnskap og undervegsvurdering?</p> <ul style="list-style-type: none">• <p>Kva tenkjer de om at kvar einskild elev skal få utvikla evnene sine optimalt?</p> <ul style="list-style-type: none">• <p>Kva slags system har de for undervegssamtalar og planlagde elevsamtalar?</p> <ul style="list-style-type: none">• <p>Kva for arbeidsmåtar nyttar de for å tilpassa undervisninga?</p> <ul style="list-style-type: none">• <p>Korleis tek de i bruk digitale verktøy i den tilpassa opplæringa?</p>



Vedlegg 4

SAMTALEGUIDE ASSISTENTAR

Personalet har kompetanse og felles elevsyn for arbeidet med tilpassa opplæring	Korleis fungerer samarbeidet om den einkilde eleven? (lærer, assistent, heim)
	Korleis vert eleven oppmuntra og får tru på egne evner?
	Korleis brukar du eleven sine læringsmål i arbeidet ditt?
	Korleis tek du del i den tilpassa opplæringa på skulen?
	Vert du teken med på refleksjon og drøfting av elevsyn saman med resten av personalet.